

# UTVIKLINGSPLAN FOR HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE

2023 - 2025



## **Utviklingsplan for Høyanger vidaregåande skule frå 2023– 2025**

*Planen byggjer på nasjonale mål og føringar, mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland, elevundersøkinga 2023-24, medarbeidarundersøkinga 2023 og resultata som kjem fram i Qlik Sense. Handlingsplanen etter medarbeidarundersøkinga ligg som eit grunnlagsdokument til denne planen. Framtidsbilete for Høyanger vgs med tema «motivasjon og læring» ligg som vedlegg.*

Utviklingsplanen er utarbeidd i lag med personalet og elevrådet. Kva vi treng å utvikle er ein konstant prosess. Vi har hatt felles gjennomgang og gruppearbeid med innspel frå både tilsette og elevar, og resultatet er denne dynamiske planen. Det kan i løpet av perioden komme endringar eller erfaringar som gjer at tiltaka reviderast, men overordna mål vil stå. Denne planen er revidert på 3.året. Den er gjennomgått og lagt til høyring for tilsette og elevråd.

Strategiplanen “Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring” har som mål at vidaregåande opplæring i Vestland Fylkeskommune skal gje elevane eit tilbod med høg grad av trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø. Den vidaregåande opplæringa skal ha god samanheng med grunnskule og er heilskapleg fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.

Høyanger Vidaregåande Skule har over tid utvikla ein samarbeidsmodell med Høyanger kommune. Dette er ein modell for eit 8-13 samarbeid som omfattar fagseksjonsarbeid og utveksling av lærarkompetanse. Det er i tillegg sett i gang eit formalisert kommunesamarbeid, initiert av Vestland fylkeskommune der målsettinga er auka fullføring. Her er PPT og rådgjevarar sentrale aktørar.

Basert på det kunnskapsgrunnlaget vidarefører vi dei to langsigtinge måla frå 2021-2023, og planen vart rullert 23.09.24. Dette er mål om høg gjennomføring og mål om å utvikle programtilbodet for å oppretthalde elevtalet i tråd med fullføringsreforma. Planen tek vidare føre seg konkrete tiltak for å nå dei langsigtinge målsetjingane. Skulen vil mellom anna ha fokus på arbeid med kunstig intelligens (KI) i det profesjonsfaglege fellesskapet. Dette arbeidet vil komme som ein naturleg del av vurderings- og læringsarbeidet.

Planen skal evaluerast kvar haust.

## Mål 1: Høg gjennomføring

<b>Delmål 1: Godt læringsmiljø</b>		
Eit godt læringsmiljø er kjenneteikna ved engasjerte lærarar, gode relasjonar mellom lærar og elev, tydlege forventningar og motiverte elevar.		
TILTAK	ANSVAR	KOMMENTAR
<b>Fokus på relasjonsbygging</b> Elev>lærar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- mottakssamtale ved skulestart, elevsamtales, fagsamtale, foreldremøte/-samtales, undervisningsevaluering</li> </ul> Tilsett>tilsett: <ul style="list-style-type: none"> <li>- tverrfagleg samarbeid, felles personalrom, erfaringssdeling , personaltur og andre sosiale tiltak</li> </ul> Tilsett>leiar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- utviklingssamtale, «open kontordør», arbeid med medarbeidarundersøkinga</li> </ul>	Kontaktlærar Faglærar  Alle  Skuleleiing	   Undervisnings-evalueringa er tema på utviklingssamtalen mellom leiar-lærar
<b>Tydlege forventningar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- sette tydlege krav til eleven ut frå det vi ser eleven kan meistre, presentert på ein positiv måte.</li> <li>- god klasseleiing</li> <li>- leiarane set tydlege forventingar til det pedagogiske utviklingsarbeidet</li> </ul>	Faglærar  Skuleleiing	  Viser til «Slik vil vi ha det»
<b>Motivasjon</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- følgje god praksis for arbeidet med motivasjon og læring. Tverrfagleg arbeid for å sjå heilskap og relevans i fag</li> <li>- legge til rette for meir elevaktive læringsaktivitetar</li> <li>- læring og danning gjennom internasjonalisering</li> </ul>	Faglærararar	Jf. vedlegg framtidsbilete HVGS.  Jf. skulen sin plan for internasjonalisering
<b>Tidleg innsats</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- oppfølging av elevar i faresona for 1 eller IV</li> <li>- skal vere tema på klasselærarmøta</li> <li>- kartlegging ved skulestart</li> </ul>	Kontaktlærar Faglærararar Rådgj./RLT	Rettleiingstenesta deltek på klasselærarmøta ved skulestart. <i>Implementering av nye retningslinjer om heilskapleg oppfølging av elevar (28.05.24)</i>

## **Delmål 2: Bevare og utvikle profesjonsfaglege fellesskapet.**

For at læringsarbeidet skal opplevast som relevant og meiningsfylt for elevene er læraren sin kompetanse, i tillegg til relasjon til eleven, det viktigaste.

TILTAK	ANSVAR	KOMMENTAR
<b>Kompetanseutvikling i profesjonsfellesskapet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- arbeide med utfordringar og moglegheiter knytt til KI i fagseksjons-/kompetansenettverksarbeid.</li> <li>- kompetanseheving gjennom arbeid i kompetansenettverka</li> <li>- lærarar underviser på tvers i gjennomgåande læreplanar 8-13 i samarbeid med Høyanger skule</li> <li>- dele god praksis knytt til tverrfagleg samarbeid</li> <li>- dele gode døme på digitale verktøy/KI</li> <li>- kompetanseutvikling i samarbeid med lokalt næringsliv og andre aktørar.</li> </ul>	Faglærar  Arbeidslivs-kontakt  Skuleleiing	Leanlab, grøn region vestland
<b>Kvalitet i klasselærarmøtet og i møtestrukturen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- førebudde møte og førebudde møtedeltakarar</li> <li>- tydelege forventningar til klasselærarmøtet</li> </ul>		Tverrfaglege prosjekt, dele god praksis mm

## **Delmål 3: Hindre feilval og auke motivasjon for gjennomføring**

For at eleven skal oppleve meistring og motivasjon er det heilt grunnleggande at eleven har valt eit utdanningsløp som eleven interesserer seg for og er eigna til.

TILTAK	ANSVAR	KOMMENTAR
<b>Gje godt grunnlag for val av utdanningsprogram, programfag og lærefag</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Felles årshjul for karriererettleiing 8-13</li> <li>- Høg kvalitet på hospiteringsperiodar</li> <li>- Legge til rette for utplassering av elevar i arbeidslivsfag i våre klassar</li> <li>- Interessekartlegging ved mottakssamtale</li> <li>- Bruke YFF aktivt for vidare val</li> </ul>	Rådgjevarar  Kontaktlærar  Avd.leiar  YFF-lærar	
<b>Samarbeid skule – arbeidsliv</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruke lokale bedrifter, opplæringskontor og tidlegare elevar som karriererettleiarar</li> <li>- Alle elevar på YF i utplassering</li> <li>- Utplassering/ «jobbskugging» for elevar på STSP, alle trinn. Årleg karrieremesse med lokale og regionale bedrifter, opplæringskontor og ulike utdanningsaktørar</li> </ul>	Arbeidslivskonta kt, rådgjevar og avdelingsleiar  Arbeidslivs-kontakt	

## Mål 2: Auke elevtalet og vidareutvikle programtilbodet

Delmål 1: Attraktivitet		
Høyanger vidaregåande skule skal ha eit programtilbod som er attraktivt for elevar i vår region.		
TILTAK	ANSVAR	KOMMENTAR
<b>Målretta marknadsføring av høg kvalitet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rådgjevar, skuleleiing og elevar deltek på foreldremøte kvar haust på skular i Høyanger kommune, Sande, Balestrand, Vik og Hyllestad</li> <li>- Rådgjevar, skuleleiing og elevar besøker 10. klasse kvar haust på skular i Høyanger kommune, Sande, Balestrand og Vik</li> <li>- Aktiv på facebook (hvgs)</li> <li>- UB med fokus på instagram</li> <li>- Oppdatert heimeside til ei kvar tid</li> <li>- Video frå kvart programområde på heimeside</li> <li>- Invitere lokale media ved arrangement på skulen</li>   <li>- Tilsette og elevar framsnakkar skulen</li> <li>- Aktiv marknadsføring</li> </ul>	Rådgjevar  Rådgjevar  Leiing/elevråd Digitalpedagog Merkantilt  Skuleleiing/arr angør  Alle	    Skal vi på snapchat? SoMe UB  Midlar lærepllassgaranti 2024

Delmål 2: Tilbodsstruktur for framtida		
Høyanger vidaregåande skule skal ha ein tilbodsstruktur som kan stå seg over tid.		
TILTAK	ANSVAR	KOMMENTAR
<b>Utvikle tilbodsstrukturen og kurs/modular i tråd med fullføringsreforma</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tett dialog med lokalt næringsliv om kompetansebehov</li> <li>- Dialog med andre vidaregåande skular i vår inntaksregion</li> <li>- Tett samarbeid med Førde vgs etter tilbodsstruktursaka</li> <li>- Tilby fleire utdanningstilbod på for vaksne på YF</li> </ul>	Rektor	Kunne tilby eit komplimenterande tilbod i regionen

Framtidsbilete Høyanger vidaregåande skule	
Tema: Motivasjon og læring	
Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<b>ELEVANE</b> er motiverte i eige læringsarbeid	<b>Elevane</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• har tydelege læringsmål</li> <li>• får hjelp til å aktivere forkunnskap</li> <li>• får variert undervisning</li> <li>• får tilpassa opplæring som gir meistring</li> <li>• opplever opplæringa som relevant og praksisnær</li> <li>• kjenner kriteria dei blir vurderte ut i frå</li> </ul>
<b>LÆRARANE</b> er engasjerte og skapar gode relasjonar gjennom læringsarbeidet	<b>Alle lærarane</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• er tydelege leiarar som har høg grad av tillit hjå elevane</li> <li>• har tydelege læringsmål for undervisninga</li> <li>• er engasjerte og fagleg oppdaterte</li> <li>• brukar ulike arbeidsmetodar som gir fagleg relevans og auka læring</li> <li>• er tydelege på kva som vert vurdert og gir konstruktive framovermeldingar</li> </ul>
<b>FORELDRE/FØRESETTE</b> er engasjerte i elevane sine prestasjonar, utvikling og framtidig karriere	<b>Foreldra</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• får tilgjengeleg og relevant informasjon frå skulen</li> <li>• møter opp og deltek når skulen inviterer til samarbeid</li> <li>• viser interesse for eleven si opplæring og oppmuntrar til eigeninnsats</li> <li>• er aktive og støttar eleven i val av karriere</li> <li>• legg til rette for gode arbeidsforhold og gode arbeidsvanar</li> </ul>
<b>LEIINGA</b> må ha tydelig pedagogisk leiing	<b>Leiinga</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• set tydeleg retning for det pedagogiske utviklingsarbeidet</li> <li>• brukar elevar og lærarar som aktive samarbeidspartar for å fremje motivasjon i heile organisasjonen</li> <li>• legge til rette for god og tidleg karriererettleining for elevene</li> <li>• legg til rette for og tek initiativ til fagleg utvikling for personalet</li> <li>• har tett kontakt med arbeidsmarknaden og ulike utdanningsinstitusjonar</li> </ul>